

DIABETES I SVANGERSKAPET

DIADOPPLERSTUDIEN



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

TIL DEG SOM ER GRAVID OG HAR DIABETES

Ved Kvinneklinikken på Haukeland universitetssjukehus ønsker vi å lære meir om dei som har diabetes og er gravid. Derfor har vi starta eit forskingsprosjekt som heiter DiaDoppler. I studien vil vi undersøke utviklinga til fosteret ved hjelp av ultralydteknikken Doppler.

Om du er gravid og har diabetes, er risikoen for komplikasjonar i svangerskapet og under fødsel, større enn elles. Gjennom DiaDopplerstudien kan vi få ny innsikt i kvifor det er slik. Målet med studien er å utvikle betre tilpassa kontroll og behandling. Slik kan vi gjere risikoen for deg og fosteret så liten som mogleg.

Kven kan delta?

Vi vil gjerne invitere deg som hadde diabetes før du blei gravid eller fekk påvist diabetes undervegs i svangerskapet, til å delta i DiaDopplerstudien.

Kva skjer om du seier ja til å delta i studien?

Når du er gravid og har diabetes tilrår vi i utgangspunktet eit tett kontrollopplegg både ved Medisinsk avdeling og Kvinneklinikken. Vi vil gjøre vårt beste for at du skal sleppe ekstra undersøkingar som følgje av studien.



Om du deltar i DiaDoppler vil det bli utført gründigare ultralyd i svangerskapsvekene 20, 24, 28, 32 og 36. Undersøkinga vil ta om lag ein time kvar gong. Ultralyd er ikkje farleg for verken deg eller barnet ditt. I tillegg til dopplerundersøkinga, vil vi ta blodprøve (i hovudsak samstundes med rutineblodprøve), der nokre

prøvar vil bli fryste ned for analyse på eit seinare tidspunkt. Under studien vil vi kartlegge kroppssamansettin ga (vekt, høgde, muskelmasse) og undersøke hjartefrekvensen til fosteret ved hjelp av ein sparketest (CTG). Ved fødsel blir det tatt ekstra blodprøve av deg, samt prøve frå navlesnor og morkake.



Sjølv om du har sagt ja til å vere med i DiaDopplerstudien, kan du trekke deg underveis - utan at det får konsekvensar for vidare behandlinga eller oppfølging frå sjukhuset.

Kva skjer med informasjonen?

All informasjon og prøvar som blir samla inn under studien, blir oppbevarte etter eigne retningslinjer. Resultata blir anonymiserte og kan ikkje bli knytt til den enkelte deltakar. Alle legar i DiaDopplerstudien har teieplikt.

Kontakt

Dei som har fått denne invitasjonen, vil bli kontakta per telefon eller ved første kontroll på Kvinneklinikken. Då vil vi gjerne gi meir informasjon om studien. Takker du ja til å delta, må du signere ei samtykkeerklæring. Overlege Agnetha Lund er ansvarleg for studien og er den som gjennomfører alle undersøkingane.

Du kan lese om DiaDoppler på www.helse-bergen.no/diadopplerstudien. Lurer du på noko og har spørsmål til oss?

Ta kontakt på epost: diadopplerstudien@helse-bergen.no

Med vennleg helsing

Agnetha Lund, overlege, stipendiat
Jörg Kessler, overlege dr. med.

Seksjon for fostermedisin og ultralyd, Kvinneklinikken ved Haukeland universitetssjukehus



www.helse-bergen.no
Haukeland universitetssjukehus
Telefon: 05300